

# KVA MED UNGANE NÅR EG ER SJUK?



BARN SOM  
PÅRØRANDE

RÅD TIL FORELDRE OG  
OMSORGSPERSONAR  
NÅR FAMILIEN OPPLEVER  
ALVORLEG SJUKDOM

Når nokon i familien er alvorleg sjuk, blir kvardagen endra.  
Ungar kan bli bekymra og få mange spørsmål og tankar.  
Hugs at ungar har god fantasi. Viss dei ikkje blir fortalt kva  
som skjer, lagar dei seg eigne forklaringar.

ER DET  
MIN FEIL AT  
PAPPA ER  
SJUK?

DEI  
ANDRE ER  
SÅ TRISTE. HAR  
EG LOV TIL Å  
VERE GLAD?

KVEN  
SKAL PASSE  
PÅ LILLESØSTER  
VISS EG GÅR  
UT?

KVIFOR  
FÅR EG IKKJE  
SOVE?

KVA SKAL  
EG FORTELJE  
TIL VENNENE  
MINE?

# HER ER NOKRE RÅD TIL DEG:



Inkluder ungane i situasjonen. Fortell om sjukdommen og behandlinga på ein måte som er tilpassa barnets alder.



Søk informasjon om vanlege reaksjonar hos barn og unge når nokon i familien er sjuke. Det kan gjøre det enklare for deg å forstå og støtte ungane dine.



Prøv å halde på familien og ungane sine kvardagsrutinar, i den grad det er mogleg. Ungane sine fritidsaktiviteter kan vere god avkoping.



Informér barnehage, skule og helse-søster om situasjonen i familien. Du treng ikkje fortelje alle detaljar, men nok til at dei som er saman med ungane i kvardagen kan sjå og ta vare på dei.

**HELSEPERSONELL HAR KUNNSKAP OG ERFARING MED Å HJELPE FAMILIAR SOM OPPLEVER SJUKDOM. VI SNAKKAR GJERNE MED DEG OM SITUASJONEN I FAMILIEN DIN**

## FAKTA

Helsepersonell skal bidra til å ivareta mindreårige barn som pårørande (Helsepersonelloven §10 a)

# VI SOM JOBBAR HER VIL GJERNE HJELPE DEG MED:

- Informasjon og råd
- Legge til rette for besøk på sjukehuset
  - Familiesamtale

Du kan også finne råd og informasjon på våre nettsider

[www.helse-fonna.no/barnsomparorande](http://www.helse-fonna.no/barnsomparorande)

.....  
**KONTAKTPERSON**

.....  
**TELEFON**



[www.helse-fonna.no/barnsomparorande](http://www.helse-fonna.no/barnsomparorande)